

Ver uthaldande i bøna, vak og  
be og takk Gud!

Kol.4,2

Ditt ord er ei lykt for min fot og  
eit lys for min sti.

Sal.119,105

Tenn eit lys og be for deg sjølv  
eller nokon du er glad i.



# FITJAR KYRKJEBLAD

NR 1 - FEBRUAR 2020  
ÅRGANG 43



DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

#### Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

#### Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00  
Ta kontakt på telefon om døra er låst  
og me er ute på oppdrag.

#### Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

#### Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635  
[rodr@fitjar.kommune.no](mailto:rodr@fitjar.kommune.no)

#### Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

#### Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972

#### Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena  
[esom@fitjar.kommune.no](mailto:esom@fitjar.kommune.no)

#### Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

#### Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

#### Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

#### Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremærke gåva)

kontonnr. 3546.29.05805



#### Framsdebilete:

Frå bønelteltet på konfirmantfestival på Langevåg.

Foto: Roald Drønen



## Trygge relasjonar

Unge mødrer og fedrar var samla i Fitjar kyrkje for å høyra Ingeborg Hatlevik Ørjasæter snakka om korleis foreldra kan leggja til rette for at borna kan vera trygge i relasjonar og kjenna på gleda i seg sjølve.

*Roald Drønen*


Frå ulike vinklar og med dagsaktuelle problemstillingar kom Ingeborg med gode innspel og fakta basert på seriøs forskning.

”Me treng ikkje vera ekspertar for å snakka om livsmeistring, seksualitet, nettbruk og rus,” sa ho.

”Borna treng trygge vaksne som er nysgjerrige på deira syn på livet.”

Alle fekk med seg eit ”lynkurs i menneskelege relasjonar”:

- Dei 6 viktigaste orda:  
***Eg innrømmer at eg tok feil!***
- Dei 5 viktigaste orda:  
***Eg er stolt over deg!***
- Dei 4 viktigaste orda:  
***Kva er di mening?***
- Dei 3 viktigaste orda:  
***Vær så snill!***
- Dei 2 viktigaste orda:  
***Tusen takk!***
- Det viktigaste ordet: ***Vi***
- Det minst viktige ordet: ***Eg***



### Tusen takk for rause gåver

Soknerådet si diakoninemnd har motteke ei gåve på kr.10.000 frå Fitjar Kraftlag.

Hildegunn Aadland har feira 70-årsdag. Ho har gjeve gåva på kr.7.600 til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

### Tilsetjing

Soknerådet har tilsett Elisabeth Søndena Oma som kontormedarbeidar i 40 % ved kyrkjekontoret.

# Konfirmantfestival på Langevåg 2020

Me syntes festivalen var ei kjekk oppleving og det var masse kjekke aktivitetar som passa for alle!

Dei som hadde opningsshowet, var kjempeflinke!

Me møtte mange hyggelege folk!

Innebandylaget vårt nådde langt i turneringa, men røyk dessverre ut i 4 runde.

Volleyball-laget vårt måtte trekka seg rett før dei skulle spela pga. sjukdom og skade + litt umotiverte deltakarar.

Avslutningsshowet var kjekt. Det var konfirmantar frå Bremnes som song!

*Rapport skrive av:*

*Nathalie Jespersen Lyngbø, Ingeborg Prestbø, Thea Eggøy Nilsen, Amalie Helland Tislevoll og Regine Haukeland (konfirmantar i Fitjar kyrkje 2020)*



Foto: Olav J. Oma

## Stranda bedehus:

28.03. kl. 15.00 Misjonsmøte, Fitjar fellesforening for NMS  
25.04. kl. 16.00 Basar for NMS

## Årsfest søndag 29. mars

Kyrkjelyden sin årsfest vert på Fitjar bedehus søndag 29. mars kl. 16.00.

Sokneprest i Sveio, Arild Steinsland, talar over temaet:

«Kva gjer vi med piler som peikar nedover?»

med utgangspunkt i hans prosjekt i Valestrand sokn.

Songkrefter deltek.

## ”Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

### Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 20. mars til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 1. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

**Trykk:** Kai Hansen Trykkeri Haugalandet

# 60 svartkledde bømlingar i kyrkja



**30. januar hadde me besøk av Bømlo Gospel i ei fullsett kyrkje. Koret er berre 6 år gamalt, men held eit utruleg høgt nivå.**

Torbjørn Hovland

Leia av sin kyndige dirigent og eminente pianist Øystein Lunde Olafsen fekk me servert eit perlekjede av klassiske gospelsangar som "Oh happy day", negro spirituals som "Down by the riverside" og kjende bedehussongar som "Salige visshet, Jesus er min".

Dei smilande bømlingane serverte med slik presisjon, ein dynamikk og eit "trøkk" som gjorde konserten til ei stor oppleving for oss.

Oppfriska arrangement tilførte ny nerve og innleving i velkjende gospelsangar, og pianisten må ha hatt betydeleg fleire fingrar enn normalt. Ulike solistar veksla mellom songane, og publikum fekk delta på fleire nummer.

Då dei avslutningsvis song "Herren velsigne deg", var det akkurat slik det følttest. Og betre attest kan vel ikkje eit gospelkor få.

## Osternes Mannskor

har lenge sett det som ei viktig oppgåve å presentera lokal kultur for eit større publikum, og trekkja fram i ljuset personar som skriv, spelar og syng i bygda, slik at fleire kan få del i det dei gjer.



På temakvelden 26. mars har dei ønskt å presentera eit knippe av songane til Elisabeth Moldestad, ein salmediktar vi etter kvart har lært å kjenne og setje pris på og gjerne vil kalle "vår". Alle tekstane og nokre av melodiane er skrivne av Elisabeth sjølv, medan alt er tilrettelagt og arrangert av koret sin eigen arrangør, Svein Tørnquist.

Musikalsk spenner songane ganske vidt, frå songar med utprega salmekarakter til åndelege viser med røter ned til visebylgja på 1970-talet. Difor spenner òg arrangementa frå reine a cappella mannskorsatsar til meir solistiske viser med instrumentalt akkompagnement.

Tekstane til Elisabeth er sterkt poetiske, og dei ser både livet og bibelsoga frå eit klårt kvinne-perspektiv.

Hjarteleg velkommen til ein kveld med kortreist kvalitet!



**Trusopplæringsreformen kom inn i Den norske kyrkja for rundt 10 år sidan. Då vart det skrivne og tenkt ut mange gode tiltak i kyrkjene våre rundt om i Noreg. Mange flotte tiltak har vore på plass lenge før reformen, som babysong, 4-årsbok og konfirmasjon. I tillegg til desse er det kome mange fleire tiltak, som blant anna Tårnagentar og Lys Vaken.**

*Randi Lønning Matre, kyrkjelydspedagog*

Her hos oss har me kalla trusopplæringa for «Med Jesus i båten», der forkortinga «båten» ofte vert nytta.

Det første tiltaket etter dåp er babysongkurs. Det vert drive av to instruktørar på Fitjar bedehus i regi av Fitjar kyrkjelyd. Dei har vore med gjennom mange år og trivst i oppgåva. Ei av dei er Astrid Koløen Prestbø. Eg tok ein prat med Astrid om babysong.

*Kor mange år har du vore med?*

- Det har blitt ein del år. Det er rundt 19 år sidan Helga Rimmereid tok initiativ og spurde om eg ville vere med og drive småbarnstreff. Den gongen hadde me små barn sjølve og sakna eit slikt tilbod i bygda. Mine to eldste var då 1 og 3 år. Sidan 2001 har me halde det gåande. Det tok ikkje så lang tid før me skjønna at det var best å dele gruppa i to, slik at babyane fekk si eiga songstund.

*Kva er det som gjer at du tenkjer dette er eit viktig tiltak?*

- Babysongkurs er det første tiltaket i trusopplæringa til kyrkja, og eg ynskjer å vere med å skapa ein god møtestad for foreldre og babyen deira. Det er verdfullt å treffe andre i same situasjon og dele erfaringar og å byggje nettverk. Babysongen er med på å opne dører til vidare samlingar i trusopplæringa.

I sjølve songstunda har eg fokus på å skapa trygge, forutsigbare og gode rammer slik at babyane og foreldre/føresette kjenner at dei vert sett. Eg vil vere med å formidle at alle er sett og elska av Gud. Det finst mange flotte kristne og allmen-

ne singlar og regler, i ein rik songskatt, som er flott å få vere med å formidle. Eg tenkjer at slike songstunder er med på å fremja tilknytninga mellom foreldre og barn, og me veit at ei sunn og god tilknytning er avgjerande for barnet si utvikling.

Det er kjekt å få tilbakemeldingar på at det betyr noko for mange, eg trur det er med på å understreke at dette er eit viktig tiltak.

*Kan du sjå at babyane får noko glede/nytte av å vere med på babysongkurs?*

- Å, ja. I songstunda! Eg har det same programmet kvar gong, gjenkjenning er viktig.

Etter kvart utover i semesteret vert difor både foreldre og barn godt kjende med innhaldet i samlinga. Me ser at forventninga hos babyane (og foreldra) aukar for kvar gong dei deltek på songstunda. Responsen frå babyane varierer noko med alderen, men gleda dei viser over singlar og regler dei har høyrte før, er flott å sjå.



Eg får tilbakemelding på at dei brukar songane og regler heime til stor glede for babyen.

*Kven kan komme på babysongkurs?*

- Alle som er heime med ein baby er hjarteleg velkommen. Ein treng ikkje vere medlem i kyrkja for å vere med. Dette semesteret er me ein fin gjeng på babysongkurset, men det er plass til fleire. Difor har me opna for fleire påmeldingar. Ta kontakt med Astrid om du ynskjer å vere med.

*Har du eit godt minne du vil dele?*

- Oi, det var vanskeleg å sei berre eitt. Gjennom ei samling er det alltid fleire

små magiske augneblink knytt til forventning og respons frå babyen. Avslutninga med velsingninga skapar alltid ei ro, som eg syns er nydeleg. I den gode samtalen rundt bordet etter songstunda, har eg òg mange gode og fine minner.

Ei av dei som har gått på babysongkurs, er Elisabeth Søndena Oma. Hausten 2019 har ho gått saman med dotter si, Malene, som no er nett blitt 1 år. Eg har prata litt med henne om det å vere med på babysongkurs.

*Kva var det som gjorde at du valde å melde deg på dette kurset?*

- Eg hadde høyrde mykje positivt om babysongkurs, og tenkte at det ville vere ein fin arena til å møte andre som var heime i permisjon med baby.

*Korleis har det vore å vere med?*

- Det har vore veldig kjekt. Både eg og Malene har hatt stor glede av å vere med. Det er kjekt at me har dette tilbodet i bygda.

*Har du lært noko?*

- Eg har lært singlar og regler som me også brukar heime. Eg syns også det har vore fint å sjå korleis Malene er i samspel med dei andre babyane.

*Trur du barnet ditt har hatt glede/nytte av å vere der?*

- Det trur eg absolutt. Ho har vist stor glede av å vere på desse samlingane. Songane og aktivitetane har verkeleg fenga ho.

*Har du eit godt minne du vil dele?*

- Det er vanskeleg å berre velje eitt. Eg syns det kjekkaste har vore å sjå gleda hos Malene, og fascinasjonen ho har hatt av dei ulike aktivitetane som såpebobler og prøving og lytting til ulike musikkinstrument.

**Gjennom dette året, 2020, har Kyrkjerådet og biskopane vedteke at dåpssakramentet skal ha eit særskilt fokus i kyrkja vår. Grunnen til dette er at dåpstala gjennom dei siste åra har synt eit dramatisk fall, ikkje minst i Oslo og dei andre store byane. Stadig fleire foreldre let vera å bera borna sine til dåpen. Dette opplever kyrkja som både urovekkjande og sårt. Sjølv mange medlemer av kyrkja har misst dåpen sitt innhald av syne.**

Herman Inge Aadland, sokneprest i Fitjar 1983 - 2005

Hos oss her i Fitjar er ikkje denne trenden så tydeleg som mange andre stader. Somme år opplever me faktisk fleire dåpshandlingar enn fødsjar i kyrkjelyden. Dette kjem naturleg nok av at utflytte sambygdingar kjem heim for å ha dåp i heimekyrkja. Men me også må vera vakne for utviklinga i landet.

Svekka dåpstal heng nok sterkt saman med sekulariseringa av samfunnet. Det er eit faktum at mange etter kvart har alt for små kunnskapar om kristen tru, og alt for lite kontakt med trygt og levande kristent fellesskap. Det som før var heilt naturleg, vert meir framandt. Her har kyrkja ei stor oppgåve å ta fat på. Veit folk verkeleg kva dei vel vekk ved å halda borna borte frå dåpen?

I vår evangelisk lutherske kyrkje har me to sakrament: dåpen og nattverden. I den seinare tid har bruken av nattverden hatt eit tydeleg oppsving i kyrkja vår, og det er gledeleg. Dåpstala, derimot, har dalt. Begge desse nådemidla er innstifta av Jesus. I kraft av Guds ord vert dåpsvatnet ei nådekjelde som gjev del i Guds rike. Det er Gud som handlar i dåpen. Jesus, som kledde seg i våre ureine klede då han kom til oss, kler oss i sine reine klede i dåpen. I enkel og tillitsfull tru tek me imot dette. Me vert sette inn i Guds rike og innlema i den verdsvide kristne kyrkja og vår eigen lokale kyrkjelyd. Me vert døypte til fellesskap med Gud og med alle Guds born. Det er nåde. Det er gåve.


Samstundes er det viktig å understreka at dåpen leier oss inn i - og føreset - eit liv i Guds nåde i framhaldet. Når me vert sameina med Jesus som lemer på hans kropp, vert me vigsla til eit liv saman med han. Me som er kledde i Kristus, kledde i Guds rettferd, treng at den gode livstraumen frå Gud stadig får flyta gjennom oss.

Det går ikkje an for eit døypt menneske å bli «udøypt», men det går an å bryta livssamfunnet med Gud, slik den bortkomne sonen braut kontakten med Far. I så fall er det viktig å gjera som denne sonen, nemleg å gå i seg sjølv og gå heim. Det er alltid ein som ventar og lengtar og som tek imot med opne armar. Det går ikkje an å bli gløymd av Gud! Bibelen seier at det er langt mindre sannsynleg å bli gløymd av Gud enn at ei nybakt mor skulle gløyma brystbarnet sitt.

Lat oss framsnakka dåpen i kyrkjelyden vår, halda han høgt i eige liv og gje born og unge opplæring i kristen tru og gje dei gode opplevingar i kristne fellesskap, slik at vilkåra best mogeleg ligg til rette for at dei kan gå med Gud gjennom livet. Be for trusopplæringa og alt det gode arbeidet som skjer for born og unge i bygda vår. Me kan leggja til rette og oppmuntra, og det skal me. Men til sjuande og sist er det Gud som gir liv.




# BARNESIDE



Læresveinane vart forskrekka då Jesus kom gåande på sjøen!  
Du kan lese historien i Bibelen i Joh. 6,16

Her kan du fargelegge bilete!





Arkivfoto: NMS

**Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Frode Brügge Sætre er utsending for NMS i Mali og i januar fekk me fylgjande rapport frå han frå kvardagen hans som misjonær i Mali.**

## Frode Brügge Sætre

I romjula var eg med på leir. Det var rundt 10 menn og éi dame som deltok på leiren. Alle er frå fulani-folket i Mali, som har ein sterk muslimsk tradisjon. Fleire av dei som var med på leiren, var lærde muslimar. Etter at me hadde lagt oss om kvelden, gjekk praten mellom nokon av dei på arabisk. Nokre av desse menna har vorte kristne, medan andre ønskjer å forstå meir av kva evangeliet seier om Jesus Kristus. Det vart undervist i tema som deltakarane sjølve hadde meldt inn: Kva lærer Mosebøkene oss om Isak og Ismael? Kva tyder det at Jesus Kristus er Frelsar? Korleis kan eit menneske få tilgjeving for syndene sine? Korleis skal kristne forholde seg til religiøse lærarar som driv med amulettar og trolldom? Kva seier evangeliet oss om grådighet? Korleis kan ein driva oppdrett av høns på ein måte som gjev pengar i lomma?

Eit av privilegia ved å få jobba blant muslimske fulaniar er at dei tar Gud og religion på stort alvor. Gud og bønn er offentlege tema på like linje med fotball og politikk, meir enn å vera veldig personleg og privat. Folk kan samtala og krangla til stor latter og underhalding om kva som er Guds vilje i den eine og den andre situasjonen. Kunnskap om Heilage Bøker og Profetar, saman med ekte fromleik gjev respekt. På leiren er programmet organisert rundt fem daglege liturgiske bønner, med undervisningsøktar innimellom og mange gode samtalar over nokre rundar med krutsterk te.

Det er sterkt å møta folk som må betala ein pris for å tru på Jesus. På leiren var for eksempel Moussa som fekk stipend og studerte fire år i Medina i Saudi Arabia. Han vart kristen under sitt opphald i den arabiske verda. No har han vorte utstøyt frå familien sin, og bur heima hjå ein malisk pastor. Innimellom undervisningsøktene såg eg han nokre gangar knelende på sovematta si, medan han song lovsongar til Jesus Kristus. Ein annan som var på leiren var ein

ung sympatisk mann som heiter Alhaj. Alhaj sin onkel er ein av dei viktigaste Koran-lærarane i heimlandsbyen deira, og Alhaj var den beste eleven hans. Første gong eg trefte Alhaj var då han trong ein stad å overnatta fordi faren hadde kasta han ut. Alhaj hadde fått valet mellom å forneкта si kristne tru eller å forlata heimen. Då tok han med seg symaskina si og reiste. Etter éi natt hjå meg drog han vidare til gullgravarfelta sør i Mali, der han la seg opp pengar som skreddar. Alhaj kom til tru etter fleire år med samtalar med ein fulani-ven som er kristen. Etter åtte år med samtalar, undervisning, lesing, refleksjon og samanlikning mellom Muhammed sin veg og Jesus sin veg, vart Alhaj døypt i september 2019. Heldigvis går det no betre i forhold til familien. I jula var han på besøk hjå foreldra sine i hovudstaden, før han vart med på leiren vår. utfordringa hans no er å finna ei jente å gifta seg med. To forlovingar har vorte brotne, fordi svigerfamiliane ikkje ønskjer å gifta bort dottera si til ein kristen mann, om han er aldri så hyggeleg og skikkeleg.

Det er eit privilegium å få møta Moussa og Alhaj og dei andre som var med på leiren vår, og å få vera ein liten del av deira historie. Det er også sterkt å få oppleva det som min gode ven Samba pleier å seia: «Det er vanskeleg å finna Jesus sin veg, men når du først finn den, så får du kvila. Eg skulle ønskja at fleire av folka mine fann Jesus sin veg.»

Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile! Ta mitt åk på dykk og lær av meg, for eg er mild og mjuk i hjartet; så skal de finna kvile for dykkar sjel. For mitt åk er godt og mi bær er lett». (Matteus 11,28-29)



# Fitjarweekend på Helgatun 17.-19. april 2020



## Fitjar sokneråd inviterer DEG til å vera med på Fitjarweekend på fjellpensjonatet Helgatun i Myrkdalen

Dette er ein weekend som passar for folk i alle aldrar!  
Ei helg for rekreasjon, ei helg der ein får påfyll for kropp og sjel,  
ei helg der ein får gå til duk og dekkja bord,  
ei helg der ein får gode samlingar og ein får mykje tid  
til å slappa av og vera saman,  
og til å boltra seg i snøen, om ein vil det.

Pris for heile helga med alle måltid:  
Vaksne/ungdomar 14 + : 1 480,-  
Born 8-13 år: 870,-  
Born 3-7 år: 595,-  
Born under 3 år: gratis

For meir informasjon om turen  
og/eller påmelding ta kontakt med:  
Helga Rimmereid, helgari@frisurf.no tlf 975 28 001

Påmelding innan 13.mars 2020

ALLE er velkomne til å melda seg på !

## FITJAR BEDEHUS



23.02.	1900	Søndagsmøte Marit H. Ådnanes
05.-08.03.		<b>Møteveke FIM v/Audun Hjelvik</b>
11.03.	1930	Nattverdmøte
15.03.	1900	Søndagsmøte m/forbøn Toralf Steinsland
21.-22.03.		Kristen Muslimmisjon Herdis Heimdal
28.03.		Bibeltimar Israelsmisjonen
05.04.	1900	Palmesøndagsmøte - Bjørg Torvund
09.04.	1930	Nattverdmøte
10.-12.04.	1900	Påskemøte - Kåre Johan Hamre
19.04.	1900	Søndagsmøte m/forbøn - Klaus Muff



Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

## Temakvelder Fitjar kyrkje våren 2020



**27. Februar:**  
«Troens sang,  
håpets tone»  
med Eivind  
Skeie



**26. Mars:**  
Salmar/songar av Elisabeth  
Moldestad med Osternes  
Mannskor

**30. April:**  
Meir informasjon  
kjem seinare

arr.: temakveldgruppa/  
soknerådet

**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**

TLF: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

**ELON** **ifagmøbler**

**Duo**

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123

**LERØY  
SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS  
Kjerelvvegen 55

5419 Fitjar  
[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**FRS**  
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:  
975 02381

**PORT  
STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinnelag

Fitjar  
Bygdekvinnelag

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)

E-post:  
[fitjarcamping@haugnett.no](mailto:fitjarcamping@haugnett.no)

**Hår**  
loftet

OPNINGSTIDER

Mån,tirs,fre..... 9-16

Ons,tors..... 9-18

Laur (kun drop-in).. 10-13

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

**53 49 78 90**

Fiks frisyren  
hos oss!



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)

Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

**Engesund**  
Fiskeoppdrett  
Visningscenter

Mobilnr: 951 89950

**Fitjar-Posten**

E-POST: [post@fitjarposten.no](mailto:post@fitjarposten.no) - MOB: 476 52 527

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60

**Interflora**

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



**SPAR**



**VB**  
VARME & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar  
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &  
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



**Kontaktinfo:**  
Torunn K. Aarskog  
404 04 146

**FITJAR**  
SMÅBÅT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>



**KVERNENES  
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar  
Telefon: 53 49 90 90, [baatbygg@kvernernesbaat.no](mailto:baatbygg@kvernernesbaat.no)



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen  
Kiosk**



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**HEIMLI**  
SHIP DESIGN

[www.heimli.com](http://www.heimli.com)  
Havnavegen 90, Fitjar

Ledig annonse plass

Ledig annonse plass

# Slekters gang

## Døpte:

**12.01.**

Odin Nygård Kannelønning

**09.02.**

Amelia Andersson Olsen

## Jordfeste:

Evelyn Gloppen

f: 19.09.1970 – d: 08.12.2019

John Tveita

f: 13.08.1947 – d: 11.12.2019

Elise Gurine Aarbø

f: 01.04.1948 – d: 28.01.2020

Klara Kjelsnes

f: 02.11.1927 – d: 28.01.2020

Magnus Skålevik

f: 23.02.1931 – d: 29.01.2020

Ruth Gloppen

f: 10.09.1924 – d: 04.02.2020

## *I di hand*

*I di hand er mine tider,  
eg er alltid trygg hjå deg.  
Du som kjenner mine tankar,  
kjenner og min framtidsveg.  
Ingen ting meg riva kan  
or di sterke Frelsarhand.*

*I di omsorg får eg kvila,  
du skal vakta meg så vel.  
Om min lekam går til grunne,  
tek du vare på mi sjel.  
Ingen ting kan skada meg  
når eg, Jesus, er hjå deg.*



*Du har sigra over døden,  
du har opna himlens port.  
Når di hand er utrekt, Herre,  
kven kan venda henne bort.  
Jesus, alt til evig tid  
held du fast kring handa mi.*

Haldis Reigstad

# Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Prest	Kantor	Takkoffer formål
23.02.	11:00		Vikar	Jan Overweg	De fire diakoni-inst.
01.03.	11:00	Dåp	Roald Drønen	Jan Overweg	Blå Kors
08.03.	11:00	Årsmøte etter gudstenesta	Roald Drønen	Jan Overweg	Ten Treff Fitjar
15.03.	11:00	Dåp	Vikar	Jan Overweg	Norsk Lærerakademi
22.03.	11:00	Familiegudsteneste	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
29.03.	11:00		Roald Drønen	Jan Overweg	Tro og Medier
05.04.	11:00	Dåp	Vikar	Jan Overweg	Laget NKSS
09.04.	11:00	Skjærtorsdag	Roald Drønen	Jan Overweg	Kyrkjelydsarbeidet
10.04.	11:00	Langfredag	Roald Drønen	Jan Overweg	Ikkje takkoffer
12.04.	11:00	Påskedag	Roald Drønen	Jan Overweg	NMS Misjonsprosjekt
13.04.	11:00	Dåfjorden slipp	Roald Drønen	Vikar	Dåfjorden bedehus
19.04.	11:00	Dåp	Herman I. Aadland	Vikar	Helgatun